



## **Styremøte Hareid IL Trimgruppa 29. november 2017**

**Styremøte i Hareid IL si trimgruppe onsdag 29. november 2017 klokka 19 på Hareid klubbhus**

Tilstades: Bernhard Harkjerr, Lisbeth Hareide Longva, Gunn Bente Drevland, Andreas Moldskred, Leiv Arne Grimstad.

### **Evaluering av fjellorienteringa 2017 inkl. premieutdelinga:**

Det vart prata laust over bordet. Styret meiner den 28. utgåva av denne populære aktiviteten gjekk ganske så glatt. Vi selde om lag 500 kart. Talet på innleverte kart var noko mindre enn i fjor. Postane har stort sett få stå i fred. På Buhammaren hadde einkvan kasta posten ned i lyngen (men vart tilbakeklassert) og ved Ytrefløvatnet vart posten flytta frå baksida av ei hytte til ein stein der det også stod ein annan trimpost. Til å leve med.

Styret vedtok elles at det på neste års kartvedlegg må stå som eit vilkår for å delta i uttrekkinga av gåvekort at ein må ha minimum B-premie for å delta i uttrekkinga. Statistikkfører blir også beden om å halde tilbake godkjenninga av 1 års deltaking for Bent Vatnehol (han fekk 15-årspokal i år) ettersom han hadde berre 9 postar og eigentleg ikkje var berettiga til premiering. Styret seier med dette at ein for å få registrert eit deltakarår må både kjøpe, levere inn og ha teke minimum 12 postar. Det er ikkje nok berre å kjøpe eit kart.

### **Prosjekt vidare:**

Gruppa vil jobbe vidare med å få realisert ein Tuftepark og ha det som førsteprioritet ved bruk av egne midlar. Dernest ser styret positivt på å støtte dei som steller til triathlon-arrangementet på Holesanden.

### **Skilting:**

Andreas Moldskred orienterte om skiltingsarbeidet i næraste framtid. Han fortalde at han no hadde fått tilsendt ei rekke nye skilt, som han, Lidvar Hovden og Stein Myklebust vil sørge for å få på plass. Det skal bli bra.

### **Neste møte:**

Neste gruppestyremøte blir 10. januar. Årsmøtet blir ei stund etter det – og då må vi ha klar årsmelding, rekneskap og forslag på nytt styre for arbeidsåret 2018.

Møte slutt. Det snør.

LAG, skrivar